




Fylkesmannen i
Hordaland

Forvaltingsplan for Sagvatnet naturreservat

Naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltingstiltak



MVA-rapport 8 / 2013

FORVALTINGSPLAN FOR SAGVATNET NATURRESERVAT

Fylkesmannen i Hordaland

2013

Ansvarleg institusjon: Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga	Rapport nr: MVA-rapport 8/2013
Tittel: Forvaltingsplan for Sagvatnet naturreservat: Naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltningstiltak	ISBN: 978-82-8060-095-0
Forfattar: Magnus Johan Steinsvåg	Dato: 10. september 2013
Samandrag: <p>Denne forvaltingsplanen skal sikra ei langsiktig og kunnskapsbasert forvaltning av vernekvalitetane i Sagvatnet naturreservat. Det er i tillegg eit sentralt ønskje om at planen vil vere eit godt hjelpemiddel til grunneigarar og andre interesserte ved at den vil vere rettleiande og utfyllande i høve til dei eksisterande verneforskriftene.</p> <p>Formålet med vernet er å sikre ein av dei største og vestlegaste furuskogane på ytre Vestlandet, der furuskog- og myrvegetasjon varierer med både sjeldne og typiske oseaniske artar. Hovudmålsetjing i forvaltning av Sagvatnet naturreservat skal forvaltast slik at verneformålet og naturmangfaldet vert sikra på lang sikt. Sagvatnet skal framstå som eit urørt og villmarksprega område, utan særskilt tilrettelegging for friluftsliv.</p> <p>Dei store naturkvalitetane i Tjongspollenområdet utafør dei naturreservata er også med og sikrar rikt artsmangfald innafor dei verna områda. Saman, utgjir Sagvatnet naturreservat, naboreservatet Skogafjellet og Tjongspollen særleg viktige naturområde av nasjonal betydning.</p> <p>Største trugsmål mot naturmangfaldet i Sagvatnet naturreservat utgjir spreieing av framande treslag som gran, sitkagran og edelgran. Det må gjerast tiltak for å fjerne desse, slik at treslaga ikkje fortrenger heimedyrande artar og naturtypar.</p> <p>Informasjonsflyten og kontakten mellom grunneigarar, kommunane, Statens naturoppsyn og fylkesmannen skal betrast. Forvaltingsplanen vart vedteken 10.09.2013 og bør rullerast innan 10 år.</p>	
Referanse: Fylkesmannen i Hordaland 2013. Forvaltingsplan for Sagvatnet naturreservat: Naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltningstiltak. – MVA-rapport 8/2013.	
Emneord: Naturreservat, naturkvalitet, bevaringsmål, barskog, kystfuruskog, framande artar, biologisk mangfald	
<p style="text-align: center;"> Fylkesmannen i Hordaland Miljøvernavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen Tlf: 55572200, fmhpostmottak@fylkesmannen.no www.fylkesmannen.no/hordaland http://hordaland.miljostatus.no </p>	

Kart og nøkkeldata for Sagvatnet naturreservat



Vernetidspunkt: 17.12.1999	Areal (daa): 6 214 dekar	Kommunar: Bømlo	Forvaltingsstyresmakt: Fylkesmannen i Hordaland	Oppsyn: Statens naturoppsyn, Bergen
--------------------------------------	------------------------------------	---------------------------	---	---

Verneformål slik det er presentert i verneforskrifta

Formålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området utgjer ein av dei største og vestlegaste furuskoglokalitetane på ytre Vestlandet. Området er godt avgrensa med fleire nedbørsfelt der furuskog- og myrvegetasjon varierer med både sjeldne og typiske oseaniske artar.

Forord

Aldri før har vi menneske hatt ei sterkare påverknad på verda, og dermed på vår eiga framtid, som i dag. Nedbygging av naturområde er det viktigaste faktoren til tap av biologisk mangfald på både det globale plan og lokalt. Utdøyingssrata for artar vert av biologar estimert til å vere over tusen gonger høgare enn det som kan reknast å vere naturleg.

Over heile landet er det sett i gong ei rekkje tiltak for å stogge tap av biologisk mangfald som var målsetjinga i St. meld nr 21 (2004-2005) om Regjeringa si miljøvernpolitikk. Viktigast har vore satsinga på kartlegging, overvaking og vidareutvikling av lovverk og virkemiddel.

Føremålet med vern av Sagvatnet er nettopp å sikre naturleg førekommande artar og deira livsmiljø. Her skal naturen få styre seg sjølv. Naturreservatet utgjer eit stort, variert og naturprega område, og her finn vi både sjeldne og typiske artar for barskog i kystområde. Furuskogen har ein utprega kystskogstruktur, med kortvaksne tre med vide kroner. Berggrunnen er samansett, og inneheld stadvis bergartar som gir grunnlag for ein rik flora med fleire kravfulle vegetasjonstypar. Området husar ein stor variasjon i ulike plantesamfunn. I tillegg til stadvis rik berggrunn, gjev det vintermilde klimaet gode rammer for både varmekjære insekt og planteartar.

Naturreservata Sagvatnet og Skogafjellet ligg berre 4 km frå kvarandre, og naturområda vert "binde saman" av Tjongspollen. Dette er inngrepsfrie område med sær store naturkvalitetar av nasjonal betyding. Denne delen av Bømlo, med store naturområde og intakt sjøline, er såleis både viktig for befolkninga lokalt og mangfaldet av artar.

I denne forvaltingsplanen tek vi i bruk omgrepa naturkvalitetar, bevaringsmål og forvaltingsmål. Dette er ein innfallsvinkel i naturforvaltninga som skal sikre ei meir kunnskapsbasert og presis forvaltning av naturvernområde i Noreg. Enkelte artar og naturtypar skal følgjast opp med bestandsovervaking, og fylkesmannen er i god tru på at dette arbeidet vil gje oss meir kunnskap om ulike artar og deira livsmiljø i denne delen av fylket. Forvaltingsplanen vil vera rettleiande og utfyllande i høve til dei eksisterande vernereglane og vil ikkje gje nye avgrensingar for grunneigarane. Vi vonar den vert både oppklarande og informativ for alle partar og interesserte.

Planen er utarbeidd av Magnus Johan Steinsvåg ved fylkesmannen sitt kontor, for midlar som Direktoratet for naturforvaltning har stilt til rådvelde.



Lars Sponheim
fylkesmann



Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Innhold

FORORD	7
INNHALD	9
1. INNLEIING.....	11
1.1 BAKGRUNN FOR VERN AV SAGVATNET	11
1.2 KVIFOR VERN AV NATUR?	11
1.3 FORVALTINGSPLANEN SIN FUNKSJON	11
1.4 PLANPROSESSEN	12
2. SKILDRING OG STATUS.....	12
2.1 LANDSKAP OG GEOLOGI.....	12
2.2 KLIMA OG VEGETASJONSSONE	12
2.3 INNGREPSSTATUS	14
2.4 BIOLOGISK MANGFALD	15
VEGETASJON	15
FUGL	17
AMFIBIAR OG KRYPPDYR	18
FISK.....	18
INSEKT OG ANDRE ORGANISMAR.....	18
2.5 RAUDLISTA ARTAR	20
2.6 ANDRE VIKTIGE TILGRENSANDE NATUROMRÅDE.....	21
3. BRUKARINTERESSER	24
3.1 FRILUFTSLIV, JAKT OG FISKE.....	24
3.2 BRUK AV OPEN ELD.....	26
3.3 MERKING AV TURSTIAR	27
3.4 ORGANISERT BRUK AV NATURRESERVATET	28
4. MÅL FOR SAGVATNET NATURRESERVAT	31
4.1 BEVARINGSMÅL	31
4.2 FORVALTINGSMÅL	33
5. UTFORDRINGAR OG TRUGSMÅL	34
5.1 FRAMANDE TRESLAG.....	34
5.2 FRILUFTSLIV OG SPREIING AV FRAMANDE ARTAR	35
5.3 AUKA FRILUFTSLIV OG SLITASJE	35
5.4 HJORTEBEITING	36
6. FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK.....	37
6.1 FJERNING AV FRAMANDE TRESLAG SOM SKJØTSELTILTAK	37
6.2 OVERVAKING AV BEVARINGSMÅL	38
6.3 MEIR KUNNSKAP OM PURPURLYNGFURUSKOG.....	38
6.4 KARTLEGGING AV NATURTYPAR	39
6.5 OVERVAKING AV EFFEKTEN AV HJORTEBEITING	39
6.6 GENERELT NATUROPPSYN	39
6.7 OVERVAKING AV TERRENGSLITASJE.....	40
6.8 INFORMASJON	40
7. LITTERATUR.....	42
AKTUELLE INTERNETTADRESSER	43
8. VEDLEGG	45

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for vern av Sagvatnet

Det meste av kunnskapsgrunnlaget for barskogvernet vart lagt av botanikar Bjørn Moe som på oppdrag frå miljøvernforvaltninga gjennomførte ei inventering av verneverdig barskog på i Hordaland (Moe 2001). Svært mykje av bakgrunnsinformasjonen om vegetasjon og naturtilhøve i denne forvaltningsplanen er henta frå dette arbeidet.

Føremålet med vern av Sagvatnområdet er å ta vare på særskild verdifull natur for framtida. Verneområdet er ein av dei største og vestlegaste furuskoglokalitetane på Vestlandet. Sjølv om det i tidlegare tider nok har vore omfattande uttak av tømmer her, framstår området som urørt og villmarksprega i dag. Verneområdet er godt avgrensa med fleire nedbørsfelt der furuskog og myrvegetasjon varierer med både sjeldne og typiske artar som er avhengige av mildt havpåverka klima.

Verneforma naturreservat er vald fordi dette er den strengaste verneforma vi har etter naturmangfaldlova, og vil best sikra dei store naturverdiane. I eit naturreservat er det derfor forbode å gjere noko som reduserer verneverdiane angitt i verneføremålet (naturmangfaldlova § 37), og dette gjev seg utslag i enkelte bruksavgrensingar. Desse bruksavgrensingane er vidare definert i verneforskrifta som kan lesast i sin heilskap i vedlegg 1. Verneføremålet som er oppgjeve i verneforskrift er eit viktig grunnlag for utforminga av denne forvaltningsplanen. Trass i bruksavgrensingar ved vern av natur, vil eit vern også sikre areal for friluftsliv, jakt og fiske som ikkje vil kunne verte bygde ned i framtida.

1.2 Kvifor vern av natur?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgjeving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gjer at all natur og alle artar har ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for natur og derav òg vern av natur (Direktoratet for naturforvaltning 2001).

For å sikra område som er særleg viktige må desse vernast mot faktorar som kan øydelegge dei. Mangfaldet av artar og naturtypar vert i stor grad påverka negativt av menneskelege aktivitetar som utbygging, omdisponering av areal, forureining m.m. Ivaretaking av naturverdiane gjennom Plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange slike påverkningsfaktorar. Å verna område som Sagvatnområdet gjennom naturvernlovgjevinga gjev eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikra natur for framtida.

1.3 Forvaltingsplanen sin funksjon

Sagvatnet naturreservat er verna for å ta vare på område med store naturverdiane av nasjonal interesse. Ei sentral oppgåve for forvaltingsstyresmakta er å sørge for at føremålet med vernet (jf verneforskrifta), vert oppretthalde og at faktorar som kan verke negativt inn på desse verdiane vert poengtert. Å kjenne til tilstand og potensielle trugsmål mot verneverdiane, vil vere avgjerande for å gjennomføre gode tiltak og sikre føremålet med vernet.

Forvaltingsplanen er utarbeida med utgangspunkt i dei rammene som allereie er fastsett i verneforskrifta. Planen presenterer mål og tiltak og skal på den måten redusere "tilfeldige" vedtak. Sjølv prosessen omkring planarbeidet er også viktig ved at grunneigarane vert trekt inn til ein god dialog. Planen vil i ettertid vere eit godt hjelpemiddel til grunneigarar og andre interesserte ved at ein i større grad kan få presisert og synleggjort ulike interesser og kva som er tillate av aktivitetar/bruk innafør verneområdet.

1.4 Planprosessen

Brev med melding om oppstart av planarbeid vart sendt ut til alle grunneigarar, kommunen, aktuelle lag og organisasjonar den 14. mai 2012. Arbeidet med forvaltingsplan for Skogafjellet har gått parallelt med planarbeidet for Sagvatnet. Det vart derfor invitert til eit felles informasjonsmøte om arbeidet for begge verneområda 8. juni 2012. På dette møtet vart mellom anna bakgrunn for vernet og behovet for ein forvaltingsplan presentert. Fleire aktuelle tema vart drøfta, og dei framømte vart oppmoda om å kome med innspel og synspunkt til det vidare arbeidet. Det har også i ettertid vore eige møte med turlaga for å opplyse om planarbeidet og vernereglane i høve til utøving av friluftsliv i naturreservata. Såleis har fylkesmannen inntrykk av at dialogen har vore god, sjølv om vi har fått inn få innspel til arbeidet med forvaltingsplanen Sagvatnet naturreservat.

Utkast til forvaltingsplanen vart sendt på høyring 3. juni 2013 med frist for å kome med innspel 15. juli same år. Det er eit mål å revidere denne forvaltingsplanen innan ein tiårsperiode.

2. Skildring og status

2.1 Landskap og geologi

Sagvatnet naturreservat ligg i søraustlege delar av Bømlo kommune heilt sørvest i Hordaland. Verneområdet grensar til sjø i Tjongspollen i aust, høgdedraget Børøyklampen i nord, Grutlevatnet i vest og sjølv Sagvatnet i sør. Børøyklampen utgjer det høgaste punktet på 179 moh. Fylkesveg 541 går om lag 1 km vest for vernegrensa.

Heile området utgjer ein mosaikk av skog, lynghei og myr. I lågare delar av terrenget finn ein gjerne mindre tjern og vatn. Desse er knytt til ulike lokale nedbørsfelt. Landskapet er småskala og varierer sterkt over korte avstandar. Berggrunnen er samansett, men inneheld stadvis bergartar som gjev grunnlag for ein rik flora med fleire kravfulle vegetasjonstypar. Grønskifer og grønstein dominerer, men det finst også fattigare bergartar som kvartsporfyrr.

2.2 Klima og vegetasjonssone

Verneområdet ligg ytst langs kysten og er sterkt prega av havet. Klimaet er oseanisk som vert kjenneteikna ved milde og fuktige vintrar og relativt kjølige somrar. Sjølv om talet nedbørsdagar er høgt er den totale nedbørsmengda moderat, rundt 1200-1300 mm i året (Moe 2003). Gjennomsnittstemperaturen på Bømlo (Svortland) er relativt høg med lågast snittemperatur i februar med 1.8°C og høgast i august med 14°C (basert på data frå perioden 1961-1990, Meteorologisk Institutt). Sagvatnet ligg elles i bornemoral vegetasjonssone som er særleg kjenneteikna med rike edellauvskogar i tillegg til barskog.



Sør for Nonshøgd. Ein del av arealet i Sagvatnet består av grunnlendt mark og berg i dagen (impediment). Det gjeld særleg dei høgareliggande delar av reservatet. Foto: MJS.



Bekk som renn inn i Døsvikvatnet frå vest. Det er fleire tjern og vatn i verneområdet, og i søkka i landskapet finn ein myr – og bekkedrag. Her er det både ekstremrike myrar og fattigmyrar. Gradientar frå tørre til fuktige parti i same myrane finst også. Foto: MJS.




Døde tre sikrar mykje liv og rikt artsmangfald i skog. Sjølv om skogen ikkje er særleg gamal (neppe meir enn 150 år), er den naturprega. Det er døde stammer og innslag av ulike treslag. Det gjev gode levekår for mange insekt som igjen gjev det mogleg for til dømes hakkespettar å ha tilhald her. Grønspett, gråspett, kvitryggspett og dvergspett er registrert som hekkefuglar. Foto: MJS.

2.3 Inngrepsstatus

Namnet Sagvatnet vitnar om omfattande bruk av areala, og det er grunn til å tru at området har vore relativt skoglaust som fylgje av hogst over lengre tid. Sjølv om dimensjonane kan vere ganske så store somme stader, er dei eldste trea berre om lag 150 gamle. Områda har truleg også vore mykje brukt til utmarksbeite tidlegare, og floraen i myrdraga i Askedalen ber preg av slik kulturpåverknad. Store delar av verneområdet er innafor inngrepsfrie område 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep. Det meste av Tjongspollen er også innafor denne kategorien (jf kart nedanfor).

Det er ein stor kvalitet at området som heilskap har lite inngrep, det er ingen store hogstflater, bygningar og vegar innafor reservatgrensene. At området også ligg skjerna til i forhold til Tjongspollen, er nok også ei årsak til at det ikkje den meir intensive skogsdrifta har kome til. Størst inngrepet i dag er nok kraftgata som går like innafor reservatgrensa ved Langestraumen i Tjongspollen og elles innplanting av framande treslag som er gjort til ulike tider fleire stader sidan 1970-talet.



Inngrepsfrie område i Sagvatnet naturreservat og Tjongspollenområdet. Raud avgrensing viser naturreservata Sagvatnet (øvt) og Skogafjellet. Lys grøn farge viser areal 1-3 km frå inngrep og mørk grøn farge areal 3-5 km frå tyngre tekniske inngrep. Kjelde: Direktoratet for naturforvaltning 2013.

2.4 Biologisk mangfald



Det biologiske mangfaldet i Sagvatnet naturreservat kan kjenneteiknast med artar som trivest her fordi det er vintermidt klima og elles mykje fukt. Augestikkaren liten blå libelle Orthetrum coerulescens har funne ein lun og fin levestad i Sagvatnet, og den har nordlege utbreiingsgrense her. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

Det er først og fremst den rike floraen som er grunnlaget for vernet av Sagvatnet. Det er også dette tema som er mest undersøkt. Det føreligg berre tilfeldige registreringar av andre arts- og organismegrupper, ettersom ein ved kartlegging av biologisk mangfald har hatt avgrensa ressursar og har prioritert areal som ikkje har vore sikra mot inngrep.

Fylkesmannen som har forvaltingsansvaret for Sagvatnet, ønskjer å vere oppdatert på naturkvalitetane og viktige førekomstar i reservatet. Vi tar derfor gjerne i mot tips og informasjon frå publikum dersom ein registrerer spesielle førekomstar. Det kan vere raudlisteartar (sjå Artsdatabanken.no sine sider), eller andre observasjonar. Du kan også registrera registreringane dine på nettstaden artsobservasjoner.no, då vil også vi få tilgang til desse.

Vegetasjon

Det meste av dei botaniske registreringane er gjort av Bjørn Moe som gjennomførte grunnkartlegginga av verneverdig barskog i Hordaland. Det meste av teksten nedafor er derfor henta frå Moe (2001).

Fleire furuskogsamfunn er registrert i Sagvatnet naturreservat. Blåbærfuruskogen finn ein i godt drenerte skråningar i lågare delar av terrenget. Forutan blåbær, er tyttebær viktig saman med smyle, skrubebær, linnea, stormarimjelle og einstape, i tillegg til mosane etasjehusmose, furumose og fjørmose.



Brunskjene. Arten er nær trua (NT) på den nasjonale raudlista som fylgje av nedbygging og øydelegging av leveområda. Den veks på ekstremrike myrar og i Sagvatnet kan ein finne den i Askedalen. Foto: MJS.

Fleire stader finn ein artar som er typiske for rik furuskog i distriktet. Dette er artar som gjev skogen lågurtkarakter, som hjertegras, kusymre, sanikkel og skogfiol. I tresjiktet finn ein kristtorn og eik fleire stader saman med furu, men også hassel og lind. Lågurtfuruskog der gras og urter dominerer er mellom anna registrert i dei bratte sør- og sørvest-vendte liene ved Hovda sørvest i reservatet. Karakteristiske artar er skoggrønaks, fingerstorr, markjordbær, myske, storfrytle, skogsalat og teiebær.

I nordskråingar er botnsjiktet ofte dominert av torvmosar, og kysttypen av røsslyng-blokkebærskog er vanleg. Denne typen står i kontrast til dei tørre sørberga kor skogen ofte er meir lysopen. Her dekkjer heigråmose store matter utover elles så nakne rabbar og knausar. På lune stader dannar purpurlyng samfunn med mjølbær, røsslyng og tyttebær. Særleg i høgareliggjande delar av reservatet finn vi purpurlyng (NT) blant open furuskog. Tørre krattsamfunn med vivendel og osp er typiske i kanten av furuskogen.

Ei spesiell furuskogutforming er registrert i Askedalen. Den har eit feltsjikt med karakter av lågurtskog eller av rik fukteng, og førekjem på flat mark innafor eit nokså lite areal. Arter ein finn her er mellom anna hjartegras, stjernestorr, blåstorr, engstorr, slåttstorr, kornstorr, loppestorr, myrmjølke, mjøldurt, blåtopp og myrfiol. Denne skogsutforminga er eit resultat av kulturpåverknad i form av moderat beite og slått.

Spreidd tresetjing med furu finst fleire stader på torvjord der særleg klokkelyng, blåtopp og pors er dominantar. Stadvis er også breiull viktig. Myrvegetasjonen i området er særst variert og inneheld ei rekkje samfunn langs gradienten fattig-rik og tue-lausbøtn. Rikmyra rundt den litle tjørna er særleg interessant. Her veks store mengder med brunskjene (NT) som dannar samfunn med musestorr, småsivaks, nøkkesiv, myrklegg, kvitmyrak, brunmyrak, dvergjamne og myrsaulauk. I nordaustenden ved kanten av Grutlevatnet er det registrert sumpvegetasjon på evja botn med krypsiv, botnegras og tjønngas i tillegg til nokre av rikmyrartane som er nemnt ovanfor.



Havørna har frå å vere mellombels utrydda på Vestlandskysten, kome sterkt tilbake etter fredinga i 1968. Bømlø har truleg flest hekkande par i Hordaland. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

Fugl

Artsmangfald knytt til fugl er i størst grad knytt til sjølve barskogen, noko som noko også gjer at sjølve artstalet ikkje vert særleg stor. Dette er nok også årsaka til at verneområdet ikkje har vore hyppig besøkt av ornitologar, og at det derfor generelt føreligg få registreringar. Det er likevel store naturkvalitetar i verneområdet, og for fugl er det særleg storleiken og variasjonen i barskogen som gjer området til ein viktig naturprega fuglebiotop. Skogen er variert og det er god tilgang til død ved. Det er optimalt for hakkespettar som finn mykje av føda som insektslarvar i døde tre og som elles treng innslag av lauvtre (gjerne ospetre) til å hakke ut reirhol. Kvitryggspetten er ein av desse. Kvitryggspett, dvergspett, gråspett og grønspett er registrert som hekkefuglar i reservatet.

Havørna har kome godt tilbake etter fredinga i 1968 og at den nærast var heilt utrydda i Hordaland. Første hekkefunn i fylket vart gjort heilt nord i Bømlø i 1986, og kort tid etter dette etablerte den seg i Tjongspollenområdet og hatt fast tilhald her sidan då. Hønsehauken er også godt etablert og utgjør toppredator i skogsmiljøet (Steinsvåg 2002). Vandrefalken har fast tilhald i denne delen av kommunen. Andre rovfuglar er mest observert i trekketidene det er artar som jaktfalk, dvergfalk og tårnfalk. Funn av sporsteikn under feltarbeid 2013 tyder på at hubroen også kan vere ein hekkefugl.

Av hønsefuglane er orrfuglen mest talrik, sjølv om det er sannsynleg at bestanden var høgare då landskapet var endå opnare og lyngplantene vart haldne meir i hevd. Storfugl vert ein sjeldan gong observert, men det er ingen stor bestand.

Sporvefuglar knytt til barskogmiljøa er vanlege å sjå. Toppmeis, svartmeis, granmeis, lauvmeis, trekrypar, heipiplerke og trepiplerke har fast tilhald. Elles er også dei vanlege trastartane her. Taksvale er også registrert, og det er mogleg den hekkar innafor reservatet. Det er barskogen som er den dominerande biotopen i området, og ingen av tjerna har eit særleg rikt våtmarkspreg som vi ofte finn i kulturmarksprega område. Av våtmarksfuglar er det derfor relativ vanlege andefuglar som toppand, stokkand, kvinand og siland som vert observert. Strandsnipa er ein vanleg art knytt til Sagvatnet og Tjongspollen.

Pattedyr

Av pattedyra er hjorten nok den vanlegaste å sjå i området. Bestanden har generelt hatt ei stor auke i Bømlø, men det ser ut til at den har flate ut dei siste åra. Årleg vert om lag 110 dyr felt i kommunen. Kor mange artar vi har av insektetarar er lite undersøkt, men det er naturleg å tru at vanleg spissmus og dvergspissmus har fast tilhald i reservatet. Piggsvin er elles relativ vanleg på Bømlø, men er ikkje registrert i reservatet ettersom den helst er knytt til hagar og lauvskog nær busetnad. Elles er gnagarar som ekorn vanleg, og lita skogmus, markmus og klatremus er også sannsynlegvis etablert. Av flaggermus er mellom anna vassflaggermus registrert jaktande over vassflata ved Sembastova. Nordflaggermus, og kanskje også skjeggflaggermus og dvergflaggermus, er etablert.

Det er sannsynleg at vi for fleire hundre år sidan hadde ulv, bjørn og gaupe på Bømlø, men i dag er det mink som utgjer det vanlegaste rovpattedyret. Røyskatten er nok etablert, men må seiast å vere særse fåtaleb. Dei siste åra har også oteren kome tilbake etter lang tid med jakt og fangst. I dag er den framleis *trua* og er registrert på den nasjonale raudlista (sjå avsnitt 2.5). No er det torskeruser som utgjer den største trugsmålet, og fleire er funnen drukna i torskeruser i Bømlø (Terje Haugland, Statens naturoppsyn pers. medd.). Eksempelsvis vart eitt individ funnen død i ei torskeruse ved Straumøy i Tjongspollen i 2011. Elles vart ein oter observert svømmande ved langestraumen i Tjongspollen september 2012. Det er sannsynleg at også Sagvatnet naturreservat, med mange tjern og bekkedrag utgjer ein viktig kvaliteten for oteren. Den er i ferd med å kome tilbake til Tjongspollen og Bømlø, og å redusera dødelheit som fylgje av rusefiske vil vere viktig for å sikra framgangen i bestanden.

Amfibiar og krypdyr

Hoggorm, stolorm er relativ vanleg i verneområdet. Firfisla er nok også ein vanleg art sjølv ein oftast gjerne berre ser den ein sjeldan gong, og då på varme sommarsdagar. Av amfibium er det berre padde som er registrert på Bømlø.

Fisk

Det er aure i dei fleste vatna i verneområdet, men det er nokre få småtjern som ikkje har bekk kor fisk kan vandre opp frå nabovassdrag. Tre pigga stingsild er også registrert, m.a. Askedalstjørna og Sagvatnet. I Grutlevatnet er det også røye. Ål er lista som *kritisk trua* på grunn av kraftig bestandsnedgang. Den er sannsynlegvis etablert i fleire vatn i reservatet.

Insekt og andre organismar

Bømlø og Sagvatnet si geografiske lokaliseringa gjev milde vintrar og elles varmt klima, det er ein fordel for både planteartar og insekt som er varmekjære. Augustikkarane er også kresne slik, og gjerne avhengige av varm og lun stad, reint vatn og variert naturleg kantvegetasjon. Eksempelsvis vart første funn av augustikkaren lita blå libelle funnen ved Andal ikkje så langt frå Sagvatnet i 2010. August 2012 vart ein rik førekomst av arten også registrert ved utløpet av Askedalsvatnet i Sagvatnet naturreservat. Elles er

kongeaugestikkar, kongeaugestikkar, lita torvlibelle, svart haustlibelle, brun augestikkar og vanleg augestikkar registrert i verneområdet, men det er sannsynleg at fleire artar har fast tilhald.

Under feltbefaring sommaren 2007 fann Ragni Nordås (Statens naturoppsyn) og Fylkesmannen ved Stein Byrkjeland geleliknande «klumpar» liggande på botnen i bekken. Prøvar vart tatt og sendt til ulike fagpersonar med særleg kompetanse på biologi i vatn, men observasjonen var så sjeldan at det tok tid før ein endeleg fann ut kva det var. Dette er *Ophrydium versatile*. Det er nokre få cm store klumpar av eincella organismar som per definisjon verken er dyr eller plante. Kvar celle klumpar seg saman og festar seg til kvarandre med eit slags sekret. Dei lever i symbiose med den mikroskopiske alga *Chlorella* som lever inne i *Ophrydium*-cellene og dermed gjev den grønne fargen. Desse krev også på lik line med augestikkarane reint klart vatn, og er såleis ein god indikator på at tilstanden i vassdraget i skogreservatet er god.



Klumpar av *Ophrydium versatile* fotografert i bekken som renn ut frå Askedalsvatnet. Foto: Ragni Nordås, Statens naturoppsyn.

2.5 Raudlista artar

For å oppnå større fokus på artar som er sjeldne, truga eller i tilbakegang, er det utarbeidd spesielle oversikter over slike artar med ei vurdering av dagens status (bestand og bestandsutvikling). Det er dette som blir kalla raudlister. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis, og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista blir utgitt av Artsdatabanken, og vart sist revidert i 2010 (Kålås m.fl. 2010). Artane er klassifisert ut i frå kor sannsynleg det er at dei dør ut i Noreg. Vurderingane vert gjort av ekspertar ut i frå internasjonale vitenskapleg metode. Dei viktigaste årsakene til at ein art vert raudlista som trua er at den har hatt ein stor bestandsnedgang, at det berre finst få individ av arten i Noreg og/eller at arten berre finst på eit lite område her i landet.

Fordi barskog som biotop til vanleg er relativ artsfattig og at det ikkje er gjort nyare kartleggingar med fokus på raudlisteartar, gjer at vi ikkje så mange registrerte raudlisteartar til no. Les meir om den nasjonale raudlista og trua artar på nettstaden: www.artsdatabanken.no

Registrerte raudlisteartar i Sagvatnet naturreservat


Art	Raudliste	Kommentar
<i>Forklaring til raudlistekategori frå lite trua til høgare nivå: NT = nær trua, VU = sårbar, EN = sterkt trua og CR = kritisk trua. Raudliste 2010.</i>		
PATTEDYR		
Oter <i>Lutra lutra</i>	VU	Fåtalog og ikkje fast etablert endå. Rusefiske viktig trugsmål.
FISK		
Ål <i>Anguilla anguilla</i>	CR	Sannsynlegvis etablert i fleire av vatna.
KARPLANTER		
Barlind <i>Taxus baccata</i>	VU	God førekomst i Askedalen. Trugsmål: hjortebeiting
Ask <i>Fraxinus excelsior</i>	NT	Sporadisk førekomst. Raudlista pga askesjuka
Brunskjene <i>Schoenus ferrugineus</i>	NT	Knytt til rike myrar, er registrert i myra i Askedalen.
Purpurlyng <i>Erica cinerea</i>	NT	Spreidd førekomst i høgareliggande delar, også i open furuskog
LAV		
Olivenlav <i>Fuscopannaria medit.</i>	NT	Eitt funn ved Døvika. Arten er mest knytt til eldre lauvskog
FUGL		
Hubro <i>Bubo bubo</i>	EN	Sporteikn registrert under feltarbeid. Mogleg hekkefugl.
Hønsehauk <i>Accipiter gentilis</i>	NT	Fåtalog hekkefugl. Påverka negativt av intensiv skogsdrift
Strandsnipe <i>Actitis hypoleucos</i>	NT	Relativ vanleg ved Sagvatnet og Tjongspollen
Fiskemåse <i>Larus canus</i>	NT	Raudlista pga stor reduksjon i kystbestand

2.6 Andre viktige tilgrensande naturområde

Ein forvaltingsplan for eit verneområde har berre funksjon innafor det verna arealet, men artsmangfaldet ein finn innafor vernegrensa vert ofte påverka av areala utafor. Som ein ser av kartet er det relativ kort avstand til naboreservatet Skogafjellet i sør. Tjongspollen og skogområda omkring bind saman desse naturområda slik at dei i praksis fungerer som eitt. Storleiken på naturreservata og dei intakte naturområda omkring i Tjongspollen, gjev varierte leveområde for eit mangfald av artar og naturtypar. Generelt kan vi sei at storleiken på naturreservata og området samla sett sikrar rom for gode bestandar og spreiding av artar og individ mellom naturreservata.

I området mellom Skogafjellet og Sagvatnet er det registrert fleire viktige naturtypar både på land og i sjøen. Ved Døvika finn vi ålegraseng som er føreslått som utvald naturtype etter naturmangfaldlova (Direktoratet for naturforvaltning 2013b). Ålegraseng er livsviktig leve- og gyteområde for mange fiskeartar. Tjongspollen er ein varmtvasspoll og marinbiologar har registrert ei rekkje sjeldne varmekjære algeartar der, som ikkje er registrert andre stader i landet.

I samband med utgreiing av kystfuruskog som ny utvald naturtype etter naturmangfaldlova, har det også vore kartleggingar i Tjongspollenområdet. Det med føremål å finne meir ut om denne skogtypen og klare å identifisere viktige signalartar og utformingar (Flynn og Gaarder 2013). Under feltarbeidet i 2012 vart den registrert fleire nye lokalitetar for skogtypen som vert kalla kjølig boreonemoral regnskog. Den vert kjenneteikna ved artsmangfald avhengig av vintermildt klima og skogsmiljø med ekstremt høg og stabilt luftfukt. Ei rekkje sjeldne og trua artar er registrert, og denne naturtypen ligg an til å verte ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova noko som vil gje førekostane sterkare juridisk beskyttelse mot inngrep.



Naturreservata Sagvatnet og Skogafjellet i raudt. Raudlisteartar er markert som punkt, og naturtypar knytt til boreonemoral regnskog avmerkt i lilla farge. Andre naturtypar i grøn farge. Linja viser viktig hjortetrekk Kjelde: Naturbase, Direktoratet for naturforvaltning 2013.



T.v. Ålegraseng i Døvika. Denne naturtypen er føreslått gitt sterkare beskyttelse som utvald naturtype etter naturmangfaldlova fordi den er særst viktig leve – og gyteområde for fisk. T.h. Lavarten Degelia cyanoloma, her fotografert i Tjongspollen, er avhengig av høg fukt og er berre registrert eit fåtal andre stader langs Vestlandskysten, Arten er raudlista som trua (VU). Foto Magnus Johan Steinsvåg.



Dei grunne sjøområda i Tjongspollen vil utgjere eit viktig leveområde og såleis vere ein viktig «base» for vidare spreiring sørover for oteren. Størte trugsmål vil vere drukning i torskeruser. Foto Magnus Johan Steinsvåg.

Frivillig skogvern: framtidens verneform

Fram til i dag har det blitt gjennomført tematiske verneplanar over store delar av landet. Vernet har i praksis i stor grad vore tvungen, og under verneprosessane har det ofte oppstått konflikter mellom grunneigarar og vernemynde. I dag og i åra framover er det *frivillig* skogvern som er den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern kor staten er heilt avhengig av at grunneigaren sjølv ønskjer dette.

Erstatningane for frivillig vern av skog i dag er mykje betre enn tidlegare, ettersom ein unngår saksomkostningar til advokatar mv. Ei større evaluering av frivillig vern som verneform, viser at slike verneprosessar skapar færre konflikter mellom skogeigarar og myndigheiter (Skjeggedal mfl. 2010). Ved tidlegare verneform sa 75 % av skogeigarane seg som misnøgde, mot 10 % no ved frivillig skogvern.

Norges Skogeierforening med regionallaget Vestskog i Hordaland har fått oppdraget med å vere både fagleg rådgjevar og støttespelar for grunneigarar som er interesserte i kikke nærare på kva moglegheiter det ligg i eit slikt frivillig vern. I ein slik prosess er det grunneigarane sjølve som styrer løpet, og som sjølve kan takke nei kva tid som helst under arbeidet. Ein kan òg naturlegvis vere med løpet ut, fram til ein ser erstatningstilbodet frå staten, og så takke nei om ein ikkje ønskjer vernet likevel. For staten vil det vere viktig at det er faktiske miljøverdiar innafør det aktuelle området og at erstatningssummen er på nokolunde same nivå som verdiane som skal erstattast.

3. Brukarinteresser



På veg inn i Sagvatnet naturreservat. Det er eit mål for forvaltning av skogreservatet at det også i framtida skal vere villmarksprega og urørt. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

Det er få brukarinteresser i Sagvatnet naturreservat samanlikna med andre verneområder. Utmarksbeite tok slutt her lenge før området vart verna, og barskogreservatet si lokalisering gjer det særst lite sannsynleg at det vert aktuelt med slik drift i framtida. Vernereglane seier at utmarksbeite kan tillastast på eit nivå som ikkje er skadeleg for naturkvalitetane.

Største ålmenne brukarinteresser er utøving av friluftsliv i reservatet. Det er to barskogreservat i Bømlø, og fylkesmannen ønskjer å sjå forvaltninga av desse i samanheng. Skogfjellet er mykje mindre (667 dekar, mot Sagvatnet på 6 214 dekar), og her er det allereie godt tilrettelagt for friluftsliv gjennom merka turstiar og greitt tilgjenge. Sagvatnet er eit heilt anna type verneområde, med sitt urørte og meir villmarkspreg.

3.1 Friluftsliv, jakt og fiske

Tidlegare og noverande bruk

Areala i Sagvatnet naturreservat har i lang tid vore i bruk på ein eller anna måte. Utøving av friluftsliv som vi kjenner det i dag har vore mest aktuelt i nyare tid. Før det var bruken nok mest prega av nytting av ressursane i området, og då særleg uttak av tømmer. Også i dag vert det utøvd både jakt og fiske i verneområdet, men hjorten er nok det mest relevante jaktbytet. Fiske etter aure er av moderat omfang og er mest knytt til Sagvatnet, Grutlevatnet. Vernegrensa går som kjent i kanten på både Sagvatnet og Grutlevatnet. Både når det gjeld jakt og fiske er det grunneigarane som har den retten. Grunneigarane har ikkje organisert sal av fiskekort, men hjortejakta er organisert gjennom eit eige hjortevald. Det er

kommunen som har det lokale forvaltingsansvaret for vilt. Elles vert det nok plukka bær og sopp, men truleg er dette på eit lågt nivå. Både i Sagvatnet og Grutelvatnet er bruk av båt relativ vanleg.

Lovheimel

Allemannsretten (Friluftslovas § 2) gjeld naturlegvis også i Sagvatnet naturreservat. Ein har altså rett til å ferdast i utmark, så lenge ein gjer det med omsyn og varsemnd. Det generelle omsynet kjem også til uttrykk i aktsemdplikt i § 6 i naturmangfaldlova som forenkla seier at ein kvar må opptre aktsamt og gjere det som er rimeleg for å unngå skade på naturmangfaldet. På grunn av dei særmerkte naturkvalitetane i naturreservatet er det også gjennom verneforskrifta sett visse restriksjonar for organisert ferdsle (sjå kapitel 3.3).

Det er tillate å bruke båt i verneområdet, men det er ikkje lov å bruke motorisert båt/køyretøy jf verneforskrifta § IV punkt 4. Forvaltingsstyresmakta kan elles godkjenne opplag av båtar etter søknad.

For tema friluftsliv er det også relevant å vise til verneforskrifta § IV punkt 2. Naturmangfaldlovas § 6 om aktsemd og § 28 i same lov styrkar også kravet til særskilt omsyn til faren for spreining av framande organismar. Det er elles i verneforskrifta forbod mot å førast inn planter eller dyreartar (Kap IV punkt 1 og 2).

Vurdering

Ved å ikkje legge til rette med merka turstiar vil det vere det enkle og tradisjonelle friluftslivet, samt jakt og fiske som vil dominera i Sagvatnet naturreservat. Det vil vere viktig at brukarane av reservatet respekterer kvarandre, og at ein til dømes ikkje «legg beslag» på verneområdet under hjortejakt.

Bruk av båt vert som regel av praktiske grunnar avgrensa til Sagvatnet og Grutelvatnet. Vernegrensa går i nord og austre kanten av desse vatna. Å legge til med båt eller kano ved nokre dagars overnattingar i reservatet vert ikkje rekna som søknadspliktig.

Ved bruk av båt, kano og fiskereidskaper må ein forsikre seg om at ein ikkje har med seg framande artar som agn eller planterestar som «blindpassasjer» på utstyret. Alle former for utstyr må reinsast både før og etter bruk i naturreservatet.

Mål

All form for friluftsliv skal skje med varsemnd og omsyn for naturmangfaldet.

Retningslinjer for tema friluftsliv

1. Alle utøvarar av friluftsliv i naturreservatet skal ta omsyn til kvarandre uavhengig av aktivitet (hjortejakt, fuglekikking, bærplukking, fising, turgåing).
2. Bruk av sykkel, hest og kjerre og riding utanom eksisterande vegar er forbode (kap IV punkt 6).
3. Idrettsarrangement, orienteringsløp, jaktprøvar m.m. er forbode (kap IV punkt 5).
4. Utsetting av dyr og planter er forbode.
5. Utsetting av fisk er forbode. Det gjeld også bruk av levande framande organismar som fiskeagn.

Regulering av ferdsle i spesielle tilfelle. Det er i verneforskrifta opna for ytterlegare restriksjonar i ferdsel ved spesielle tilfelle. Dersom ferdsel verkar negativt inn på naturverdiane og dermed verneformålet, kan

Direktoratet for naturforvaltning etter pkt 7 kap IV i forskrift for Sagvatnet naturreservat, forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av reservatet. Ei slik regulering må fastsetjast ved endring av forskrift.

3.2 Bruk av open eld

Tidlegare og noverande bruk

Det å ha bål i utmarka er kanskje ikkje så utbreidd på Bømlo som andre stader i landet kor turane gjerne går over noko lengre avstandar. Likevel er det naturleg å tru at dette har vore ein bit av friluftslivet i Sagvatnet, og i hillaren Sembastova har det lenge før vernet vore tilrettelagt med grue for bålbrekking. Dette er ein trygg stad å ha bål. Om ein personleg ikkje sjølv har løyve til å hogge ved til eiga bruk, er det også mogleg å ta med seg ved.

Lovheimel

Ettersom det etter verneforskrifta (kapitel IV punkt 1) er forbode å skade vegetasjon m.m. vil det ikkje vere lov å ta ut brennbart vyrke (dødt eller levande). Einaste unntaket gjeld for grunneigar med særskilt personleg løyve som resultat av erstatningsoppgeret. Ut over dette er det ikkje særskilt forbod mot bruk av open eld i verneområdet. Likevel gjeld det generelle forbodet mot bruk av open eld i utmark i perioden 15. april – 15. september også i Sagvatnet naturreservat (jf § 8-2 i Forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn). Friluftslova § 2 og naturmangfaldlovas § 6 er også med og gjev ei generell krav om aktsemd som også vil gjeld ved bruk av open eld.



På grunn av store konsekvensar av skogbrann i Sagvatnet naturreservat som er eit særst utilgjengeleg område, er det ønskjeleg at bruk av open eld vert avgrensa til Sembastova. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

Vurdering

Naturlege skogbrannar er ein livsviktig faktor i eit større skogøkosystem, men dersom det skulle oppstå ein skogbrann i Sagvatnet naturreservat vil det lett kunne føre til at store delar av naturkvalitetane vil gå tapt. Ein brann i dette utilgjengeleg skogområdet vil kunne brenne ut store areal før ein vil kunne klare å slukke brannen. Det er særleg at denne skogen er stor og relativ gamal som er viktig. Derfor er forvaltingsstyresmakta særst redd for skogbrann i naturreservatet. Fylkesmannen ønskjer derfor at bruken av open eld berre skjer ved Sembastova i reservatet.

Mål

Bruk av open eld skal berre skjje ved Sembastova.

Retningslinjer

1. Ein kvar som nyttar open eld skal ta særleg omsyn, slik at faren for skogbrann vert redusert til eit minimum. Bål ute i friluft skal berre etablerast på underlag av stein (ikkje svaberg).
2. Generelt forbod mot bruk av open eld i perioden 15.april – 15 september

3.3 Merking av turstiar

Tidlegare og noverande bruk

At området har vore nokså utafør allfarveg for mange, har nok gjort at det mest er turvante og lokalkjente som har ferdast her både tidlegare og i dag. Forvaltingsstyresmakta har likevel fått meldingar om at enkeltpersonar har merka og dels rydda sti innafor naturreservatet utan løyve som er påkravd etter verneforskrifta. Det har m.a. skjedd omkring 2005, men også vinteren 2013 oppdaga Statens naturoppsyn at det har blitt merka tursti utan løyve.

Lovheimel

Merking av eksisterande eller nye turtiar i Sagvatnet naturreservat er forbode jf verneforskrifta. Verneforskrifta kap VI punkt 2 seier at forvaltingsstyresmakta (fylkesmannen) *kan* gje løyve til merking, rydding og vedlikehald av *eksisterande* stiar, løyper og gamle ferdselsveggar.

Vurdering

Som verneforskrifta seier, har forvaltingsstyresmakta moglegheit til å gje løyve til merking av eksisterande turstiar etter søknad. Men med bakgrunn i at dette er eit stort urørt skogområde kor det frå før av er lite tilrettelagt, ønskjer også vi å ta vare på dette skogreservatet som eit villmarksprega område også for framtida.

Barskogreservatet Skogafjellet naturreservat som vart verna samstundes med Sagvatnet, ligg inst i Tjongspollen, berre 4 km lenger sør. Her er det allereie lagt til rette med merka turstiar og gode parkeringsmoglegheiter. I det naturreservatet ønskjer fylkesmannen å betra naturopplevinga ved å setje opp meir informasjon om det særprega naturmangfaldet i verneområdet. Såleis er håpet at tilrettelegginga i Skogafjellet vil avlaste ferdsle i Sagvatnet.

I Hordaland, og i Bømlo spesielt er det dei siste 10 åra særst mange nye stiar blitt rydda og merka. Det er knapt eit område att som ikkje har fått ei eiga merka løype i kommunen. Det har ført til ei positiv auke i

talet på personar som har kome seg ut og på den måten gitt helsevinst for befolkninga. Utøving av friluftsliv resulterer også ofte i ei auka interesse for naturen og landskapet omkring ein. Men å etablere turstiar kan også føre til negative følgjer for plante og dyreliv. Trakk og slitasje kan t.d. slite ned sårbar vegetasjon og ferdsløse som t.d. fylgje av uheldig legging av stiar nær rovfuglreir, kan føre til at sky og sårbare artar ikkje lenger kan ha tilhald der. Fylkesmannen er kjent med fleire slike tilfelle, og ønskjer særleg ikkje at dette skal skje i eit naturreservat som utgjør vår strengaste verneform og nettopp har som hovudføremål å ta vare på naturen.

Å ha merka sti inne i reservatet vil føre til auka ferdsløse og ei automatisk «oppgradering» av området som turområde. Då er også vegen kort til merking av stiane på turkart, som igjen vil auka presset på denne sårbare naturen. Dette vil fylkesmannen unngå. Ved å vidareutvikla den tilrettelegginga som allereie er på plass i Skogafjellet er ønskje at interessa for denne atlantsike barskogtypen som vi finn i begge reservata vert dekt der.

Ved å sørge for at Sagvatnet naturreservat vert eit område utan tilrettelegging for auka friluftsliv, meiner forvaltingsstyresmakta at både det sårbare biologiske mangfaldet og det breie friluftslivet best kan sikrast på lang sikt.

Mål

Sagvatnet naturreservat skal stå fram som eit villmarksprega urørt naturområde utan særskilt tilrettelegging.

Retningslinjer

1. All form for rydding og merking av etablerte stiar, ferdsløseveggar m.m., må godkjennast av fylkesmannen etter søknad.
2. Når det skal lagast nye turkart der verneområda er med i kartbladet, må dette gjerast i dialog med fylkesmannen slik at ein kan ta naudsynt omsyn til reservata.

3.4 Organisert bruk av naturreservatet

Tidlegare og noverande bruk

På grunn av at hovudføremålet med å verne areal som Sagvatnområdet som naturreservat først og fremst er å ta vare på det naturmangfaldet på lang sikt, set verneforskrifta visse restriksjonar for kva aktivitetar som kan tillastast i reservatet. Eit slikt tema er organisert ferdsløse i reservatet.

Utanom bruk i samband med uttak av tømmer, jakt og fiske, utgjorde Sagvatnet på mange vis eit slags ingenmannsland også før området vart verna. Og under vernearbeidet, og dialog med grunneigarar og brukarar då, var det heller ikkje organisert bruk av området eit aktuelt tema.



Frå stien ned til Sagvatnet frå Husa. Foto: MJS.

Lovheimel

Verneforskrifta kapitel IV punkt 5 seier at «idrettsarrangement, jaktprøver og annan organisert bruk av reservatet er forbode». Kap VI punkt 4 seier vidare at forvaltingsstyresmakta *kan etter søknad* gje løyve til «avgrensa bruk av reservatet i samband med undervisning».

Då naturmangfaldlova trådte i kraft vart den generelle dispensasjonsregelen i verneforskrifta erstatta med § 48 i naturmangfaldlova. Den seier mellom anna fylkesmannen kan gje dispensasjon frå vernevedtak dersom det ikkje er i strid mot føremålet i vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Vidare heiter det i fjerde ledd at dispensasjonssøknaden skal innehalde naudsynt dokumentasjon om verknaden av tiltaket på verneverdiane.

Vurdering

Med bakgrunn i dei store urørte naturkvalitetane i naturreservatet, og det strenge regimet som verneforskrifta legg opp til, ønskjer forvaltingsstyresmakta at det skal vere så lite organisert bruk av reservatet som mogleg. Dette også for å redusere press på dette sårbare naturområdet på lengre sikt.

Organisert bruk i form av idrettsarrangement og jaktprøvar kan vere relativt lett å forstå som organisert bruk, men også ferdsle kan i visse høve definerast som dette. Organisert ferdsle kan også ved visse høve gje dei same negative konsekvensane for naturmangfaldet i verneområdet som anna organisert bruk. Det gjeld særleg om turfølgjet vert stort, skjer på ei sårbar tid på året eller i sårbare område. For Sagvatnet naturreservat vert derfor organisert ferdsle definert som grupper av turgårar over 15 personar eller når turen vert annonsert på førehand.

Mål

Organisert bruk av Sagvatnet naturreservat skal vere på eit lågt nivå.

Retningslinjer

1. Idrettsarrangement, jaktprøver og annan organisert bruk av reservatet er forbode (verneforskrifta kapitel IV punkt 5).
2. Er turfølgje over 15 personar, eller turen annonsert på førehand, vert den definert som *organisert ferdslø* og ein må då ha løyve frå fylkesmannen.
3. Fylkesmannen kan gje løyve til avgrensa bruk av reservatet til undervisning etter søknad (verneforskrifta kapitel VI punkt 4).

Samla oversikt over retningslinjer for bruk av Sagvatnet naturreservat

Der retningslinjene er heimla i verneforskrifta (vedteken med kongeleg resolusjon 17. desember 1999), er aktuell paragraf oppgjeve. Sjå verneforskrifta som heilskap i vedlegget.

1. Alle utøvarar av friluftsliv i naturreservatet skal ta omsyn til kvarandre uavhengig av aktivitet (hortejakt, fuglekikking, bærplukking, fiske og anna friluftsliv).
2. Bruk av sykkel, hest og kjerre og riding utanom eksisterande vegar er forbode (kap IV punkt 6).
3. Idrettsarrangement, jaktprøvar og anna organisert bruk er forbode (kap IV punkt 5).
4. Utsetting av fisk, dyr og planter er forbode (kap IV punkt 1 og 2). Det gjeld også bruk av levande framande organismar som fiskeagn mm.
5. Ein kvar som nyttar open eld skal ta særleg omsyn, slik at faren for skogbrann vert redusert til eit minimum. Bruk av open eld skal berre skje ved Sembastova. Bål ute i friluft skal berre etablerast på underlag av stein (ikkje svaberg). Husk generelt forbod mot bruk av open eld i perioden 15.april – 15 september.
6. All form for rydding og merking av etablerte stiar, ferdsløveggar m.m., må godkjennast av fylkesmannen etter søknad (VI punkt 2).
7. Når det skal lagast nye turkart der verneområdet er med i kartbladet, må dette gjerast i dialog med fylkesmannen slik at ein kan ta naudsynt omsyn til reservatet.
8. Er turfølgje over 15 personar, eller turen annonsert på førehand, vert den definert som *organisert ferdslø* og ein må då ha løyve frå fylkesmannen (kap IV punkt 5).
9. Fylkesmannen kan gje løyve til avgrensa bruk av reservatet til undervisning etter søknad (kap VI punkt 4).

4. Mål for Sagvatnet naturreservat

Mål for forvaltning av Sagvatnet naturreservat vert presentert i tråd med dei nye retningslinene for forvaltning av område verna etter naturmangfaldlova. Forvaltninga skal vere så presis og kunnskapsbasert som råd. Sentralt i dette ligg det å konkretisere verneverdiane (naturkvalitetane) og knyta desse opp mot konkrete bevaringsmål (t.d. bestandsmål). Måla skal fungere som referansepunkt i overvaking og ved vurdering av naturkvalitetane/bestandar over lengre tid. Eksempelvis kan endringar i bestandar vere signal på at negative faktorar verkar inn på verneverdiane i reservatet.

I dei nye retningslinene for denne typen forvaltning er det tre omgrep som er sentrale: naturkvalitet, bevaringsmål og forvaltingsmål. Naturkvalitet består av dei naturtypane eller artane som er grunnlag for vernet og/eller særmerkte for verneområda. Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at naturkvaliteten skal ha. Forvaltingsmål er eit samleomgrep for alle måla i eit verneområde. Her vert også mål knytt opp mot nærings- og brukarinteresser omfatta. Verneverdiane er grunnlaget og utgangspunktet for å definere bevaringsmål for Sagvatnet naturreservat. Men verneområdet har også store naturkvalitetar som ikkje så lett lar seg talfeste. Områda består av biotopar som skal få utvikle seg sjølv. Å skildre denne naturlege dynamikken, som stormfellingar og naturleg skogssuksisjon, er vanskeleg utan sær omfattande overvaking. Det er vanskeleg å ha måltal på bestandar og naturtypar som heile tida er i endring. Vi vel likevel å framheve desse kvalitetane ettersom denne skogsdynamikken er ein sentral del av økosystemet og livsmiljø for artane i reservatet. Døme på slike naturkvalitetane kan vere mengd død ved og alder på ståande tre, som kontinuerleg vil vere i utvikling.

4.1 Bevaringsmål

Ei stor utfordring ved å fastsetje passande bevaringsmål er å identifisere artar/naturtypar som på eit vis speglar dei kvalitetane ein finn i verneområda. I tillegg må det vere mogleg å følgje med bestandsutvikling til den aktuelle arten. For enkelte artar vil bestanden i større grad vere avhengig av hendingar og miljøtilhøve utanfor verneområda (t.d. trekkfuglar), noko som i realiteten gjer arten lite egna i bevaringsmålsamheng og overvaking. Bevaringsmål bygger på kunnskapen om naturkvalitetane (artar, naturtypar m.m.) ein finn i verneområda. Slike førekomstar vil endre seg naturleg, og ny oppdatert kunnskap vil også gjera seg gjeldande og gje grunnlag for meir presise bevaringsmål for aktuelle tema. Bevaringsmål kan verta oppdaterte og endra i mindre grad før ei forvaltingsplanen vert revidert. For å følgje opp bevaringsmåla er forvaltingsstyresmakta nøydd til å overvake tilstand og status til dei enkelte tema. Meir om dette i kapitel 6 om forvaltingsoppgåver og tiltak.

Viktige artar og organismegrupper

- Barlind. Populasjonen skal oppretthaldast.
- Spettefuglar. Førekomst av spettefuglar skal spegle habitatkvaliteten i verneområdet. Ein antatt normal førekomst i Sagvatnet vil vere: Kvitryggspett (2-3 par), dvergspett (1-3 par), gråspett (2-4 par) og grønspett (1-2).
- Hønsenhauk. Reservatet skal ha fast førekomst av arten.
- Havørn. Reservatet skal ha fast førekomst av arten.
- Habitattilhøva for den sjeldne augestikkaren liten blålibelle skal oppretthaldast.

Raudlisteartar

Førekomst av raudlisteartar skal i hovudsak sikrast ved å ivareta habitata dei er avhengige av.



Kvitryggspetten er truleg den vanlegaste hakkespetten i Sagvatnet naturreservat. Arten er utrydda frå store delar av Europa på grunn av intensiv skogsdrift, og det er mest berre dei utilgjengelege områda på Vestlandet som framleis har livskraftig bestand. Arten er avhengig av insekt som den finn i døde tre og stubbar. Derfor vil det å overvake hakkespettane også seie noko om miljøtilstanden skogen. Vi forventar at med tida så vil det bli meir død ved og derfor betre levekår for hakkespettane. Spørteikn etter matsøk er vanleg å sjå i naturreservatet. Begge foto: Magnus Johan Steinsvåg.

Framande artar

- Framande treslag skal ikkje vere etablert i reservatet.
- Framande artar med særst høg eller høg økologisk risiko (jf framand art-basen til Artsdatabanken) skal ikkje vere etablert i reservatet.

Biotopen

Alt naturmangfald (geologi, naturtypar og artar), og prosessane dei er ein del av, skal kunne utvikle seg naturleg. Type, mengd og fordeling av død ved skal utvikla seg naturleg.

Tiltak knytt til bevaringsmål

Ein sentral del av arbeidet vil vere å gjennomføre ei meir detaljert overvaking av verneverdiane, og naturkvalitetane knytt til bevaringsmåla. Skjøtseltiltak retta mot framande artar (edelgran, sitkagran og vanleg gran), vil utgjere dei mest omfattande tiltaka. Både reine forvaltingstiltak og tiltak i form av skjøtsel i verneområda er nærare skildra i kapitel 6.

4.2 Forvaltingsmål

Forvaltingsmåla viser kva mål forvaltingsstyresmakta har for forvaltning av verneområda. Her er også ulike brukarinteresser innlemma i tillegg til enkelte tema innan bevaringsmåla (det står utfyllande tekst om brukarinteresser i kapitel 3).

- Sagvatnet naturreservat skal forvaltast slik at verneformålet og naturmangfaldet vert sikra på lang sikt.
- Sagvatnet naturreservat skal også i framtida vere eit urørt og villmarksprega område, utan særskilt tilrettelegging for friluftsliv.
- All form for friluftsliv må skje med varsemnd og omsyn for naturmangfaldet.
- Framande artar skal ikkje vere etablert i reservatet.
- Naturkvalitetane skal overvakast og tilstanden vurderast løpande.
- Informasjonsflyt og kontakten mellom grunneigarar, kommunane, Statens naturoppsyn og fylkesmannen skal vere god og kontinuerleg.

5. Utfordringar og trugsmål




Bestand av sitkagran og edelgran like sørvest for vernegrensa. I dag utgjer spreining av framande treslag som det største trugsmålet mot naturkvalitetane i Sagvatnet naturreservat. Foto: Magnus John Steinsvåg.

5.1 Framande treslag

Fleire stader i naturreservatet er det registrert framande treslag. Det er i hovudsak gran, edelgran og sitkagran, og desse vil kunne utgjere eit trugsmål mot verneverdiane på sikt om dei får spreie seg fritt (Skre 2000). Dette fordi dei kan fortrenge stadbundne artar og på den måten påverka naturmangfaldet i reservatet. Fleire av granførekomstane er i dag i kongleberande alder. Desse er mest knytt til Tjongspollen. Store sitkagraner er registrert i Døsvika, og fleire stader langs Tjongspollen finst det graner av store dimensjonar. Heilt i sør like innafor Døsvika er det også fleire graner, og det er somme stader registrert naturleg forynging (spreiing og etablering) frå desse. Edelgranene vert vurdert til høg økologisk risiko mellom anna fordi dei kan etablere seg sjølv i slutta skog (Artsdatabanken 2012). Dermed vert faren for at tre etablerer seg sjølv i teitt furuskog til stades.

Størst trussel utgjer dei større bestandane av sitkagran og edelgran like sør for reservatgrensa ved Husa. Desse bestandane er i ferd med å kome i kongleberande alder og vil då spreie frå staden dei vart planta. Sitkagran vert i risikovurderinga til Artsdatabanken klassifisert *særs høg økologisk risiko* både grunna spreingspotensiale og på grunn av konsekvensane arten kan gje på stadbunden artsmangfald. Tiltak for å fjerne trugsmålet vil vere høgt prioritert, og fylkesmannen vil ta initiativ til ein god dialog og samarbeid med grunneigar for å drøfte aktuelle tiltak.



Gran som har spreidd seg frå planta gran i Døvika i Sagvatnet naturreservat. Dersom grana frå nok lys vil den klare seg og kan då fortrenge andre artar lokalt på staden. Edelgran vil utgjere eit trugsmål for naturmangfaldet i Sagvatnet naturreservat på grunn av treslaget også kan etablere seg i mørkare delar av skogen Foto: MJS.

5.2 Friluftsliv og spreining av framande artar

Dei siste tiåra ser vi at stadig fleire framande artar etablerer seg i nye område kor dei elles ikkje naturleg hadde vorte etablert. Felles for desse er at det er menneskelege aktivitetar som er årsaka til dette. Vi har fleire døme på dette både regionalt og lokalt i Sunnhordland. Eksempelsvis vart skadeplanta vasspest registrert i Åsevatnet og Vigdarvatnet i Sveio. Planta fører til endringar i økosystemet og er uråd å bli kvitt. Den speiar seg også lett ved at ein nyttar av fiskeutstyr, garn og kanoar, båtar i fleire vassdrag utan å reingjere. Om ein skal fiske eller bruka kano og liknande må ein derfor forvissa seg om at utstyret er skikkeleg reint og fritt for planterestar.

5.3 Auka friluftsliv og slitasje

I dag er det få utfordringar knytt til utøving av friluftsliv i Sagvatnet naturreservat. Men det er viktig å forvalte desse naturkvalitetane i eit langsiktige perspektiv. Det er derfor også at forvaltingsstyresmakta ønskjer å sjå forvaltinga av Sagvatnet i samanheng med Skogafjellet naturreservat. Men ei framtidig utvikling der stadig fleire nyttar desse naturområda i friluftssamanheng vil også gje ei auke i slitasje. Meir trakk, t.d. i fuktige delar av områda kan lett få eit slitasjepreg. For å sikre verneverdiane ønskjer fylkesmannen å ikkje legge til rette for ei auka ferdsle i naturreservata. Sjå meir om tema friluftsliv i kapittel 3 om brukarinteresser. Og forvaltingsstyresmakta er av den meining at eit omsynsfullt friluftsliv vil vere til det beste for naturvernet ved at det gir ei generell auke interesse og kunnskap om naturen.

I enkelte verneområde opplever vi somme stader at besøkande legg frå seg søppel og avfall. Heldigvis er dette endå ikkje ei stor utfordring i Sagvatnet. Likevel vil auka ferdsle i kunne føre til at dette kan verta eit problem på lengre sikt. Auka bruk av verneområdet vil også auka faren for skogbrann.

5.4 Hjortebeiting

Hjortebestanden i Hordaland og på Vestlandet generelt har blitt tredobla på under 20 år. Dette har også stadvis merka seg på vegetasjonen. Om vinteren vert gjerne fleire dyr pressa saman til område med mindre snø, og dermed vert beitepresset lokalt på slike stader ganske så stor. Fylkesmannen har i fleire verneområde merka seg aukande beiteskader på lauvtre og barlind. Enkelte stader kan dette beitepresset på småplanter vere så stort at det reduserer rekrutteringa av barlind. Også vaksne tre kan ha beiteskader på barken. I Sagvatnet naturreservat er det kanskje over 50 tre, og då særleg i Askedalen, men det er til no ikkje registrert særlege beiteskader på lauvtre og barlind.

Introduserte artar trugar lokalt biologisk mangfald

I verdsamanheng vert introduksjon av nye artar (også kalla framande artar) til område kor dei frå før ikkje er naturleg etablert, sett på som det nest største trugsmålet mot biologisk mangfald (Kålås m.fl. 2006). Trugsmålet vert rangert som større enn klimaendringar og forureining, og er berre slått av direkte habitatødelegging. Nye artar kan påverke stadeigne artar ved konkurranse, predasjon og spreiding av sjukdomar. Som eksempel kan introduserte rovdyr (predatorar), lett ha fordelar med sine "nye metodar" og ha stor negativ effekt på byttedyrartar. I Noreg er det klassiske eksempelet alle rømingane av den nordamerikanske minken frå byrjinga av 1930-talet. I dag er minken etablert over det meste av landet, og har stadvis opp gjennom tidene hatt ein stor lokal effekt på sjøfuglkoloniar m.m.

Det stadeigne mangfaldet av artar har isolasjon som viktigaste føresetnad. Artar har gjennom evolusjonen blitt til og døydd naturleg ut. I løpet av utviklinga har artar og populasjonar etter kvart tilpassa seg sine stadeigne miljø og leveområde. Dei har gjennom seleksjon endra karakter og blitt meir tilpassa miljøet omkring seg. Ved at menneske flyttar på dyr og planter over desse naturlege barrierane, fører til at den ypparlege tilpassinga andre artar og populasjonar vert viska ut, og naturen på lengre sikt vert homogenisert

Døme på ei slik stor utfordring, som er særleg aktuell på Vestlandet er treslagsskifte og påfølgjande spreiding av gran. I dag utgjør spreiding av framande artar som gran og sitkagran som er framande for store delar av Vestlandet, det største trugsmålet mot verneverdiane i Sagvatnet naturreservat. Dei globale utfordringane i forhold til introduserte artar er med andre ord også ein realitet og trugsmål her lokalt hjå oss.

6. Forvaltingsoppgåver og tiltak

6.1 Fjerning av framande treslag som skjøtseltiltak

Dei spreidde førekomstane både innafor og utanfor reservatgrensa utgjer det største trugsmålet mot artsmangfaldet i reservatet. Dette må handterast i løpet av dei neste få åra. Førekomstane av sitkagran og edelgran må prioriterast først, ettersom dei utgjer størst økologisk risiko. Også viktig å få gjort tiltaket så raskt som råd slik at ein får minimal spreining frå dei etablerte førekomstane. Raks gjennomføring av tiltak vil også vere kostnadseffektivt ettersom ein må setje inn ekstra innsats og ressursar dersom trea får tid til å spreie seg fritt.

Det må gjennomførast ei feltbefaring saman med skogbrukfagleg personell for å vurdere kva tiltak som er mest aktuelt. Dei store trea som står i Døsvika og ved Langestraumen kan kanskje takast ut frå sjøen. Mindre førekomstar inne i reservatet, som t.d. ved Døsvika i søraust, kan berre leggjast ned. Det store bestandet med sitkagran må også handterast. Bestandet er truleg omkring hogstklasse 3 og skulle normalt ha blitt hogt først etter fleire tiår. Det hastar likevel med å gjere tiltak her ettersom trea er i ferd med å bli kongleberande og spreie seg. Det er ikkje mogleg i dag å talfesta konstantoverslag på dette tiltaket, ettersom kva metode som skal nyttast endå ikkje er avgjort. Tiltak retta mot denne typen trugsmål mot naturreservatet kan finansierast av miljøverndepartementet. Tiltaka skal gjerast i god dialog med grunneigarane.



Bestand med hogstmogne grantré i reservatet ved Langestraumen i Tjongspollen 14. august 2012. Størst forvaltingsressursar vil bli retta mot tiltak for å fjerna framande treslag som utgjer økologisk trugsmål mot naturkvalitetane i reservatet. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

6.2 Overvaking av bevaringsmål

Prinsippa ved forvaltning av verna område etter naturmangfaldlova set krav til hyppigare og betre overvaking enn tidlegare. Ein har så langt ved oppsyn og forvaltning kanskje i større grad vore fokusert på tekniske brot av vernereglar som t.d. fysiske inngrep, framfor å vurdere tilstand og status til dei faktiske verdiane som låg til grunn for vernet. Med denne forvaltingsplanen vert fokuset på naturkvalitetane skjerpa i framtida.

Fordi skogen og dei andre arealtypepane i Sagvatnet naturreservat skal få utvikla seg mest mogleg naturleg, vil det generelt ikkje vere trong for detaljert overvaking av førekomstane. Omfanget av overvaking vert derfor konsentrert om artar og artsgrupper som kan sei noko om den generelle tilstanden. Spettefuglane finn det meste av maten (insekt) i døde tre. Slik sett er det naturleg å tru at kvaliteten av denne skogbiotopen i reservatet vil med tida verte enda betre ettersom skogen vert eldre og det etter kvart vil verta meir død ved. For å få betre innblikk i utviklinga av dette tema, vel vi derfor å fokusere på spettefuglane framfor å måle mengde død ved. Hønsehauken er ein toppredator i skogøkosystemet i reservatet og kan såleis vere ein indikator på tilgangen på byttedyr i området.

På grunn av at det ikkje er store trugsmål mot vernekvalitetane i dag vert det lagt opp til ein moderat overvakingsfrekvens på bevaringsmåla.

Forvaltingsplanen bør rullerast ved behov, og vert gjeldande fram til då. Dette gjer at bevaringsmåla som vert presentert i denne forvaltingsplanen gjerne vert ståande til planen skal reviderast. Men desse kan også reviderast separat dersom det vert behov for det.

Tabell 1. Oversikt over naturkvalitetar som skal inngå i overvaking av Sagvatnet naturreservat. FMHO = Fylkesmannen i Hordaland, NOF = Norsk Ornitologisk forening.

Overvakingstema	Metode	Eining	Frekvens	Gjennomføring
Spettefuglar	Fastsette transektekter (territoriehevdning på våren)	Tal individ	Kvart 6 år	FMHO/NOF
Hønsehauk	Reirsøk	Flygedyktige ungar	Kvart 3 år	FMHO/NOF
Beiteskader på barlind og lauvtre	Fotodokumentasjon	-	Minimum kvart 3 år	Statens naturoppsyn
Spreiing av framande treslag	Transekt med start ut i frå kjent førekomst	Tal planter pr m ²	Kvart 5-år	Statens naturoppsyn
Augestikkaren lita blålibelle	Totalteljing langs bekken	Tal individ	Kvart 3 år	FMHO

6.3 Meir kunnskap om purpurlyngfuruskog

Det vert i dag gjort eit nasjonalt arbeid med faggrunnlag for kystfuruskog, og purpurlyngfuruskog inngår i denne skogtypen (Flynn og Gaarder 2013). Avhengig av kva som vert resultatet av dette arbeidet vil det kunne gje følgjer for korleis ein verdiset og forvaltar purpurlyngfuruskog som vi også finn i Sagvatnet. Det er også stor uvisse om korleis purpurlyngen vil klare seg om skogen etter kvart vert teittare. Er denne typen berre mellombels, eller vil vi også sjå purpurlyng i furuskogen når den når klimaks? Når resultatet frå det nasjonale kystfuruskogarbeidet er klart er det mogleg at purpurlyngfuruskogen bør kartleggast ytterligare. Metodikk og omfang av dette arbeidet vil bli diskutert dersom det blir aktuelt.



Purpurlingfuruskog i Sagvatnet naturreservat. Typen finst spreidd i høgare delar av verneområdet. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

6.4 Kartlegging av naturtypar

Som ein del av Nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfald har ein no i alle kommunane i Hordaland gjennomført naturtypekartleggingar. Men på grunn av avgrensa ressursar vart kartlegging ikkje gjennomført i område som var verna etter naturvernlova. Verneområda vart nedprioritert fordi dette var areal og biotopar som allereie var sikra mot inngrep. Det er òg nyleg kome eit heilt nytt system for å klassifisere / skildre naturen NiN – naturtypar i Noreg (Halvorsen m.fl. 2009). Fylkesmannen ønskjer å få gjort både naturtypekartlegging etter dette nye NiN systemet og DN sine naturtypeinndeling (DN-handbok 13). Kartgrunnlaget vil òg generelt betre kvaliteten og presisjonen i forvaltning av naturkvalitetane.

6.5 Overvaking av effekten av hjortebeiting

I samband med naturoppsynet sine ordinære oppgåver skal tilstanden av hjortebeiting på lauvtre og barlind jamleg vurderast. Registrering av beiteskadar skal gjerast på ein standardisert måte og dokumenterast foto. Utviklinga skal overvakast over tid.

6.6 Generelt naturoppsyn

Det er Statens naturoppsyn (SNO) som har ansvar for oppsyn i Sagvatnet naturreservat. Hovudoppgåva til naturoppsynet er å sørge for at vernereglane for området vert fylgt. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med Fylkesmannen og vil t.d. verta orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til gjennomføring av ulike tiltak inne i reservatet. Statens naturoppsyn har avgrensa politimynde etter dei sju

miljølovene friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminnelova, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet på oppdrag frå fylkesmannen drive rettleiing og informasjon, skilting, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon.

6.7 Overvaking av terrengslitasje

Statens naturoppsyn skal ha eit særleg fokus på trakk og terrengskader som kan vere eit resultat av aukande friluftsliv i området. Overvakinga skal vere systematisk og supplerast med foto som viser tilstand og utvikling over tid.

6.8 Informasjon

Som nærare omtala i tidlegare avsnitt ønskjer forvaltingsstyresmakta å sikra Sagvatnet naturreservat som eit urørt og villmarksprega område i framtida. Dette er også årsaka til at det ikkje er ønskjeleg med auka tilrettelegging i form av stimerking og anna form for «reklamering» av naturreservatet som eit turområde. Det er ønskjeleg å ha ferdsel i området på eit lågt nivå som i dag. Likevel vil det vere viktig at dei som ferdast i naturreservatet får informasjon om vernereglane. Fylkesmannen vil derfor utarbeide informasjonsskilt som skildrar kort om naturkvalitetane og kva reglar som gjeld innafor verneområdet. Vi ønskjer også i samarbeid med Statens naturoppsyn å montere underskilt til dei mindre verneskilta, med kortfatta informasjon om vernereglane.

*Tabell 2. Oversikt over aktuelle tiltak i Sagvatnet naturreservat fordelt på tema. Dette er tiltak kor fylkesmannen er ansvarleg for å setje i verk. FMHO = Fylkesmannen i Hordaland, SNO = Statens naturoppsyn. Alle tiltaka skal gjerast i samråd med grunneigar. For dei fleste tiltaka er kostnad ikkje oppgjeve fordi det endå ikkje er klarlagt. * = Tiltaket vert gjort som ein ordinær del av arbeidet.*

Tiltak	Tidspunkt	Ansvar	Gjennomføring	Kostnad (kr)	Kommentar
Skjøtseltiltak					
Fjerning av framande treslag	2014?	FMHO	SNO/lokal entreprenør?	?	Høg prioritert. Må gjerast i dialog med grunneigarane
Fjerning av småplanter av spreidde framande treslag	2015	FMHO	SNO	*	Kostnad først estimert etter kartlegging av omfang
Overvaking av bevaringsmål					
Overvaking av spreieing av framande treslag	Kvart 5-år	FMHO	SNO	*	Høgt prioritert
Overvaking av fugl (jf tabell 1)	Kvart 3-5 år	FMHO	FMHO/NOF	7 000?	Middels prioritert
Naturtypekartlegging som grunnlag for vidare overvaking	2015?	FMHO	Biolog	80 000?	Middels prioritert.
Friluftsliv, informasjon og skilting mm.					
Vurdering av terrengslitasje pga friluftsliv	Løpande	SNO/ FMHO	SNO/ FMHO	*	Gjort løpande ved synfaring av reservatet
Setje opp verneskilt, informasjonsskilt	2013-2014	FMHO	SNO/FMHO	10 000?	Høg prioritert. Avklarast med grunneigarane
Oppsyn med verneskilt, informasjonsskilt mm.	Løpande	SNO	SNO	*	Ein del av ordinær oppsynsverksemd

For besøkande som skal bruke båt eller kano i Sagvatnet eller lengre inne i verneområdet, er det viktig å huske på faren for spreiding av framande artar (jf kapittel 5.2). Det er derfor ønskeleg å setje opp informasjon denne faren på stader som det er naturleg at ein vil kome til med båt. Det kan vere i Tjongspollen kor ein lett går over til Sagvatnet med kano. Også i enden av stien som går til Sagvatnet frå Husa, vil det vere naturleg å ha oppslag om framande artar. Faren for å spreie framande fiskeslag er også stor ved fiske i vatn, og oppslaget må også ta opp dette. Teksten må vere i fleire språk. Oppsetjing av informasjonsskilt m.v. skal avklarast med grunneigar på førehand.

7. Litteratur

Artsdatabanken. 2012. Faktaark edellgran, på Artsdatabanken.no.

<http://databank.artsdatabanken.no/FremmedArt2012/N63753>

Direktoratet for naturforvaltning 2013. INON.

Direktoratet for naturforvaltning 2013b. Ålegraseng mot gjev status:

<http://www.dirnat.no/content/500045209/Alegraseng-mot-gjev-status>

Direktoratet for naturforvaltning. 2008 (revidert utgåve av 2001). Handbok 17. Områdevern og forvaltning. Forvaltningshåndboka.

Direktoratet for naturforvaltning. 2010. Forvaltning av verneforskrifter. Rundskriv november 2001, revidert februar 2010

Direktoratet for naturforvaltning.2009. Friluftsliv. Nettside: <http://www.dirnat.no/content.ap?thisId=1811> dato: 10.09.2009.

Flynn, K. M. & Gaarder, G. 2012. Kjølleg boreonemoral regnskog i Bømlo og Tysnes – resultat frå kartlegging i to prøvafelt i 2012. Miljøfaglig Utredning rapport 2012-41, 139 s.

Fremstad, E. & Moen, A. (red.) 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. – NTNU Vitenskapsmuseet Rapp. bot. Ser. 2001-4: 1-231.

Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune. 2008. Område for friluftsliv. Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland - Prosjektrapport 2008. 34 s.

Halvorsen, R., Andersen, T., Blom, H.H., Elvebakk, A., Elven, R., Erikstad, L., Gaarder, G., Moen, A., Mortensen, P.B., Norderhaug, A., Nygaard, K., Thorsnes, T. & Ødegaard, F. 2009. Naturtyper i Norge (NiN) versjon 1.0.0. – www.artsdatabanken.no

Kålås, J.A., Viken, Å. og Bakken, T. (red.) 2006. Norsk Rødliste 2006 – Norwegian Red List.

Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.

Moe, B. 2001. Inventering av verneverdig barskog i Hordaland. Mva. rapp. 2/2001: s 1 – 68.

Moe, B. 2003. Kartlegging og verdsetting av naturtyper i Bømlo. – Bømlo kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 17/2003: 1-107.

Skre, O. (2000). Registrering av framande treslag i verneområde for barskog i Hordaland med vurdering av spreingsfare. Oppdragsrapport 24/00. Ås: Norsk institutt for skogforskning.

Steinsvåg, M.J. 2002. Kartlegging av hekkestadar for hønehawk (*Accipiter gentilis*) i Bømlo og Sveio kommunar, Hordaland. - Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 2-2002: 21s + vedlegg.

Steinsvåg, M.J. og Overvoll, O. 2003. Viltet i Bømlo. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Bømlo kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 4/2003: 1-55.

Aktuelle internetadresser

Miljøverndepartementet	www.odin.dep.no/md
Direktoratet for naturforvaltning	www.dirnat.no
Fylkesmannen i Hordaland	www.fylkesmannen.no/hordaland
Miljøstatus i Noreg	www.miljostatus.no
Artsdatabanken	www.artsdatabanken.no
Artsobservasjoner	www.artsobservasjoner.no
Naturbasen	www.naturbase.no
Lovdata	www.lovdata.no
Norsk institutt for skog og landskap	www.skogoglandskap.no
Universitetet i Bergen	www.uib.no
International Union for Conservation of Nature	www.iucn.org

8. Vedlegg

1. Verneforskriftene.
2. Oversikt over eigedomar og grunneigarar
3. Informasjonsplakat for naturreservatet

Vedlegg 1.

Forskrift om fredning av Sagvatnet som naturreservat, Bømlo kommune, Hordaland.

Fastsett ved kgl.res. 17. desember 1999 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8 og § 10 jf. § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

I

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 §§ 8 og 10 jf. § § 21, 22 og 23 er eit barskogområde i Bømlo kommune i Hordaland fylke freda som naturreservat ved kgl.res. av 17. desember 1999 under namnet Sagvatnet naturreservat.

II

Det freda området vedkjem følgjande gnr./bnr.: 2/1, 2/2, 2/3, 2/4, 2/5, 2/6, 2/11, 2/17, 2/22, 2/24 og 2/33.

Reservatet dekkjer eit totalareal på 6214 dekar.

Grensene for reservatet går fram av kart i målestokk 1:12136 datert Miljøverndepartementet desember 1999.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Kartet og fredingsforskrifta blir lagra i Bømlo kommune, hos fylkesmannen i Hordaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

III

Formålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området utgjer ein av dei største og vestlegaste furuskoglokalitetane på ytre Vestlandet. Området er godt avgrensa med fleire nedbørsfelt der furuskog- og myrvegetasjon varierer med både sjeldne og typiske oseaniske artar.

IV

For reservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje førast inn. Planting og såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Det er ikkje tillate å føre inn nye dyreartar.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av kloakkleidningar og luftleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorisert ferdsel, på land og vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfarty.
5. Idrettsarrangement, jaktprøver og annan organisert bruk av reservatet er forbode.
6. Bruk av sykkel, hest og kjerre og riding utanom eksisterande vegar er forbode.
7. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til fredingsformålet forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av reservatet ved forskrift.

V

Reglane i kap. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.
2. Sanking av bær og matsopp.
3. Jakt.
4. Fiske.
5. Beiting på eit nivå som ikkje er til skade for fredingsformålet.
6. Vedlikehald av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.

VI

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med tiltak under kap. V pkt. 3 og 6.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsveggar. Vedlikehald av kulturminne.
3. Avverking av plantefelt og uttak av framande treslag.
4. Avgrensa bruk av reservatet i samband med undervisning.
5. Opplag av båtar.

VII

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsformålet. Det kan lagast forvaltningsplan som kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

VIII

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet for fredinga krev det, og dessutan for vitskaplege undersøkingar, arbeid som er særleg viktig for samfunnet og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

IX

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmyndigheita etter denne forskrift.

X


Denne forskrifta trer i kraft straks.

Ekstra skjønnsføresetnad

Under verneprosessen vart det etablert ein ekstra skjønnsføresetnad for grunneigar Anton Kåre Bærøy. Denne seier at han kan sanke ved til eige bruk i Sembastova.

Vedlegg 2.

Eigedomar og grunneigarar



Eigedomsgrenser i Sagvatnet naturreservat. Alle eigedomane er innafor gnr. 2. Opplysningane er henta frå eigedomsregisteret.

GNR	BNR	NAMN
2	1	Egil Emil Bærøy
2	2	Staten / Direktoratet for naturforvaltning
2	3	Egil Sigmund Vikingstad
2	3	Geir Vikingstad
2	4	Anton Kåre Bærøy
2	5	Egil Bærøy
2	6	Karl Andreas Knarvik
2	11	Staten / Direktoratet for naturforvaltning
2	17	Einar Larsen
2	22	Sigurd E. Bærøen
2	22	Sissel Margot Bærøy Pedersen
2	24	Sverre Mikal Endresen
2	27	Egil Sigmund Vikingstad
2	27	Geir Vikingstad

Vedlegg 3. Informasjonsplakat for Sagvatnet naturreservat



Merstørstlax er en oppdruket fiskeart i Sagvatnet. Den er et viktig næringsmiddel for mange lokale beboere. Den blir ofte servert fersk, stekt, eller som matlagte retter som gravlaks og laks med poteter.



Forvaltning med utjevning av vannnivået i Sagvatnet er viktig for å sikre et godt miljø for fisk og andre organismer. Dette blir gjort ved å regulere vannet i Sagvatnet og i de tilhørende elvene og bekke.

SAGVATNET NATURRESERVAT

STØRSTE OG VESTLEGASTE FURUSKOGEN PÅ VESTLANDET

Sagvatnet naturreservat er ein av dei største og vestlegaste furuskogane på Vestlandet. Området vart verna 17. desember 1909, og husar både sjeldne og kravlule artar. Skogen og landskapet er i dag villmarkspræga, slikt om mykje av skogen har vore intensivt nytta opp gjennom tidene.

Naturreservatet utgjer eit stort, variert og naturprega område, og her finn vi både sjeldne og typiske artar for barskog i kystområde. Furuskogen har ein utprega kystskogstruktur, med kortvaksne tre med vide kroner. Berggrunnen er samansett, og inneheld stativis bergartar som gir grunnlag for ein rik flora med fleire kravlule vegetasjonstypar. Området husar ein stor variasjon i ulike plantesamfunn, i tillegg til stadig rik berggrunn, gjev det vintermiljøet kjennet goda rammer for både varmekjære insekt og plantefaar.

Typisk for området er purpurfargen som også vekst i den opne furuskogen i høgløstliggende område i reservatet. Dette er eit uvanleg kjennemerk som vi stort sett berre finn i Hordaland og Rogaland fylst mot kysten.

Vernet skal sikra areala med det særprega dyre- og plantelivet for framtida. Her skal naturen få styre seg sjølv. Det er derfor ikkje ønskeleg med aktiviteter som kan leggje press på naturen.

DYRE- OG PLANTELIV ER FREDA

Sagvatnet naturreservat er eit flott område. Sjølv om det kan vere freistande og plukke med seg spanande ting frå reservatet, er det viktig å halde alle ivarnede og delte ting får stå i fred slik at det vert lutt vere på for framtida. Plukk med deg alt soppe, vær særst varsam med bruk av open ild, og vis omsyn til plantar og dyr i dei spesielle og verdifulle områdene. God tur!

PFLANZEN UND TIERE SIND GESCHÜTZT!

Das Naturschutzgebiet "Sagvatnet" ist ein attraktives Auenlandschaft. Auch wenn es verlockend sein magt, ist es nicht erlaubt, Objekte aus dem Gebiet mitzunehmen. Es ist sehr wichtig, dass alle lebenden und toten Bestandteile des Gebietes unverändert und für die Zukunft erhalten bleiben. Hinterlassen Sie keine Abfälle und seien Sie besonders vorsichtig beim Umgang mit offenen Feuer. Nehmen Sie Rücksicht auf Pflanzen und Tiere in diesem speziellen und wertvollen Lebensraum. Viel Spaß beim Wandern!

UTDRAG FRA VERNEFORSKRIFTA

- Det er til å ta vare på naturen og miljøet.
- Utøver det er all opplysning (stad og størrelse) og alle gjelde de ferdige med utdrag skole og høyttrykk.
- Utøver det er all opplysning (stad og størrelse) og alle gjelde de ferdige med utdrag skole og høyttrykk.
- Utøver det er all opplysning (stad og størrelse) og alle gjelde de ferdige med utdrag skole og høyttrykk.

RULES & REGULATIONS / AUSZUG AUS DER SCHUTZGEBIETSVERORDNUNG


- Ausgenommen (Tier und Pflanze) sind Produkte gegenwärtig.
- Reliquien der Nutzung der Bäume sind erlaubt. Dies includes the use of the Bäume Holz.
- Offener Feuer ist nicht erlaubt.



Denne arten er en av de mange som finnes i Sagvatnet. Den er et viktig næringsmiddel for mange lokale beboere. Den blir ofte servert fersk, stekt, eller som matlagte retter som gravlaks og laks med poteter.



Forvaltning med utjevning av vannnivået i Sagvatnet er viktig for å sikre et godt miljø for fisk og andre organismer. Dette blir gjort ved å regulere vannet i Sagvatnet og i de tilhørende elvene og bekke.



FORVALTING OG OPSYN
Fylkesmannen i Hordaland, tlf: 55 57 20 00
Statens naturoppsyn Bergen, tlf: 959 67 043

8. FORVALTINGSPLAN FOR SAGVATNET 2018
Tilrettelagt av: Marianne Johnsen (Forvalting) / Maren Johnsen
Trykk: Kometil trykkeri AS, Bergen

Fylkesmannen i Hordaland

Besøksadresse:
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Postadresse:
Postboks 7310, 5020 Bergen

Telefon: 55 57 20 00

E-post:
fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Org.nr: 974760665

ISBN: 978-82-8060-095-0
ISSN: 0804-6387